


# Bygdabladet

for BOKN



Årets konfirmanter – les meir s. 9



Ny seksjonssjef – les meir s. 3



Bokormen avslutta - les meir s. 4



Kultursoge – les meir s. 5



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: [jardar.havikbotn@bokn.kommune.no](mailto:jardar.havikbotn@bokn.kommune.no)/[post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

**Journalist** Reidar Alvestad, tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04  
E-post: [reidar.alvestad@bokn.kommune.no](mailto:reidar.alvestad@bokn.kommune.no)

**Medarbeidar** Linda Ognøy, tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82  
E-post: [linda.ognoy@bokn.kommune.no](mailto:linda.ognoy@bokn.kommune.no)

#### BYGDABLADNEMND

Johannes Nilssen  
Ellen Nedrebø  
Lars Norekvål

#### GJELDANDE ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 625,-
Halvsida	kr. 375,-
Kvartside	kr. 188,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 62,-
Fastann./fargeann.	etter avtale



Stort forsidebilde:

Årets konfirmanter,  
sjå s. 9

Foto: Jardar Havikbotn

## Kjære lesar!

Dette bladet var berekna til 24 sider, men blei kutta ned til 16 etter budsjettfokusering.

Bygdabladet beklager sterkt at dette har ført til mykje utelatt stoff, med eit tynt blad som resultat.

I prioritering av innhald har eg tatt utgangspunkt i at bladet er eit kommunalt informasjonsorgan samt tatt hensyn til datorelatert nyhetsstoff.

Dei åtte sidene som manglar vil stå på trykk seinare.

La oss håpa at den økonomiske situasjonen ordnar seg slik at bladet får halda same kvalitet som tidlegare.

- redaktøren -



## ORDFØRAREN RDET

### Kjære sambygding

#### Næringsfond

Bokn kommune er i ferd med å bygga opp det kommunale næringsfondet, og i byrjinga av april blei fondet tilført 200.000 kroner frå Rogaland fylkeskommune. Det er ti år sidan Bokn sist hadde eit slikt fond. Den gangen fekk kommunen jamnleg påfyll frå kommunaldepartementet. Formannskapet skal forvalta næringsfondet, medan nye vedtekter og retningslinjer for fondet skal godkjennast av komnestyret

Bokn kommune ynskjer å stimulera til vekst på sterke område i sitt næringsarbeid, samstundes som ein skal vera med å leggja grunnlag for knoppskyting.

Med eit næringsfond har ein høve til ivareta ein del av desse hensyna, m.a. ved å kunne løyva midler til t.d. produktutvikling, kompetanseutvikling og opplæring i verksemda. EØS-reglar legg ein del avgrensingar i høve til at ingen verksemdar direkte skal subsidierast, men ein skal kunne løyva midler i mindre målestokk.

#### Breiband

Fredag 04.04.08 blei det klart at Telenor får anbudet på utbygging av breiband i Bokn. Dette vil seia at dei områda i Bokn som ikkje har breibandsdekning i dag, slik som t.d. Jøsen/Loden-området, vil bli knytt til nettet. Telenor har forpliktet seg til å bygga ut breibandet i kommunen innan seks månader frå anbudet blei tildelt. Oppstartsdato er ikkje fastsatt, men utbygginga skal vera ferdigstilt innan utgangen av oktober dette året.

Det er frå før av satt av 100.000 kr. i kommunal eigenandel til føremålet. Summen var basert på ein stipulert kostnad frå den gangen prosjektgruppa gjekk i gang. Det er hyggeleg å

kunne konstatera at eigenandelen er blitt kraftig redusert etter kvart som prosjektgruppa har jobba med saka. Endeleg eigenandel for Bokn kommune ser ut til å enda på om lag 24.000 kr.

Skulle det visa seg at einskilte husstandar likevel ikkje blir knytt til breibandet etter ferdigstilling, vil desse bli teke med i eit eige "opsamlingsheat". Dermed skal heile Bokn etterkvart bli knytt opp til breibandet.

Rådmann Jan Erik Nygaard har vore Bokn kommune sin representant i prosjektgruppa, som har jobba på vegne av kommunane i Haugesundsregionen. Eg vil gratulera prosjektgruppa med eit vel utført arbeid.

#### Fysioterapi

For å styrka fysioterapitilbodet i Bokn blei det i formannskapet 01.04.08 løyvd 30.000 kr. til innkjøp av laserapparat. Apparatet skal brukast i behandling av muskel- og skjelettplager samt reumatisme. Saman med dei behandlingsformane som fysioterapeuten allereie gjev, vil ein kunne oppnå ein auka effekt i eksisterande behandlingsforløp, og ein vil meir effektivt kunne behandla lidningar og plager som ein i dag ikkje kan.

Det er mange som brukar det fysioterapeutiske behandlingstilbodet i kommunen, og det er hyggeleg å kunne styrka dette tilbodet. Eg håpar dette vil kunne gje behandlings- og helsemessige gevinstar, noko som også kan vera med og redusera sjukefråveret i samfunnet.

Ordføreren

## Ny seksjonssjef

Jardar Havikbotn

### **Tore Bøe Olsen byrja 1. mars som seksjonssjef for helse, sosial & barnevern i Bokn kommune.**

Mannen frå Haugesund, busett med kone og to barn i Førresdalen i Tysvær, var klar for noko nytt å bryna seg på då han søkte stillinga i Bokn.

- Ein veldig spennande jobb med akkurat den type utfordring eg kunne tenka meg, seier Tore, som har yrkeserfaring frå barneverntenesta i Ølen og Haugesund (to år), behandlar ved barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk på sjukehuset i Haugesund (tre år) og statleg barnevernteneste i fire år, der han fungerte som avdelingsleiar det siste halvåret ved Bufetat (Barne-, ungdoms- og familieetaten).

#### **Lagspelar**

38-åringen er utdanna sosionom frå Høgskulen i Bergen, samt har ein klinisk vidareutdanning innan barne- og ungdomspsykiatri. Naturlig nok er det helsebiten i seksjonssjefsstillinga han har minst kjennskap til. Tore vil bruka tid til å bli godt kjent med oppgåvene i seksjonen, og dra veksler på kompetansen i etaten.

- Det gjeld å skynda seg langsomt og spela på lag med medarbeidarane i avdelinga.

Tore skryt av dei han arbeider i lag med og meiner dei har jobba godt og stått på. Mykje godt arbeid er utført.

- Ved å investera langsiktig i forhold til arbeid, vil resultatata koma, fortel ein som er opptatt av å ivareta det som fungerer og ikkje har planar om store omveltningar i seksjonen for helse, sosial & barnevern.



Tore Bøe Olsen

Når han ikkje tenker på den nye jobben sin i Bokn, spelar han bedriftsfotball med ein gjeng frå sjukehuset i byen. Han er også trenar for eit jentelag på Stegaberget. Den ferske seksjonssjefen likar også godt å slappa av, gjerne på fjellet.

**Bygdabladet ønsker han lykke til med arbeidet sitt i kommunen.**

## Bokn får 778.000 kr i tilskot til psykisk helsearbeid

Reidar Alvestad

**I ei pressemelding frå Regjeringa går det fram at norske komunar får vel 3,3 milliardar kroner øymerka til psykisk helsearbeid i 2008. Rogaland får 278.862.000 kroner.**

#### **Auke frå i fjor**

Beløpet på landsbasis er ein auke på nesten 540 millionar kroner frå i fjor. For Bokn sin del er tilskotet ein auke på 144.000 kroner frå i fjor.

#### **Øymerka midlar**

Pengane kan brukast til mellom anna bustad, heimebaserte tenester og miljøarbeid. Det kan også nyttast til aktivitetstilbod, støttekontaktar, tilrettelagde behandlingstilbod, helsestasjons- og skulehelseteneste og anna psykososialt arbeid. Dei kan også gå til kultur- og fritidstilbod for barn og unge.

For Bokn sin del er tilskotet frå før

alt brukt på mange av desse områda, t.d. til helsestasjons- og skulehelseteneste, støttekontaktar og kultur- og fritidstilbod for barn og unge.

Eit av måla for det psykiske helsearbeidet i kommunane er å bidra til at menneske med psykiske lidningar skal kunna meistra eige liv.

Helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad seier i pressemeldinga at kommunane legg viktige premisser for at menneske med psykiske lidningar skal ha det bra, som bustad med tilstrekkeleg hjelp, økonomiske rammer, arbeid og andre meningsfulle aktivitetar og behandling i form av lågterskeltilbod.

Ho seier også at sosial og kulturell deltaking er viktig for alle menneske, og bør ha plass i kommunen sitt psykiske helsearbeid.

#### **Siste året med øymerka midlar**

Opptappingsplanen for psykisk helse varer ut 2008. Dette er det siste året kommunane får øymerka statlege midlar til psykisk helsearbeid. Mange kommunar driv i tillegg eit omfattande arbeid finansiert av eigne midler.

Sylvia Brustad seier at når øymerkinga opphøyrer neste år, er det viktig at dei som tek avgjerder i kommunane sikrar at det tilbodet som er bygd opp, vert halde ved like og utvikla vidare.

Helse- og omsorgsministeren seier også i pressemeldinga at det er viktig at kommunane held innbyggjarane orienterte om denne type helsearbeid, slik at dei veit kva hjelp dei kan få, og kor hjelpa finst. At hjelpa er lett tilgjengeleg er så viktig at det kan virka førebyggjande i seg sjølv.

# Bokormen avslutta

Kjetil Hamre

Ein skulle tru at såre auger krev kvile, men etter å ha lese titusenvis av sider avsluttar skulen årets bokormprosjekt med ein fest til den seine natta begynner.

Her vart alle heidra for sin innsats og pågangsmot gjennom ni veker, med pizzaboller saft og bokormkake!



Her har ein lov å slå! Berre med avis og mot tå, men likevel!

Bildet til høgre: Ingen bokormfest utan bokorm!



Leikar sørge for at ingen sovna under stunda og alle kom seg velberga heim etter festivitassen.

Renate Eide hadde lese mest av alle; 7.455 sider.

82 239 sider blei leste til saman

5. Klasse:  
19 889 sider - 2210 sider pr. elev

6. Klasse:  
41 678 sider - 3473 sider pr. elev

7. Klasse:  
20 672 sider - 1590 sider pr. elev



## Resten av bokomtalanane frå forrige blad

- 1: Boka eg har likt best til nå heiter
- 2: Forfattar
- 3: Eg likte godt boka fordi



### Niklas Grønnestad

- 1: Kurt blir grusom
- 2: Erlend Loe
- 3: Den var løyen. Kurt er fattig og tenkjer på bli rik. På jobben ser han ein mann som dett på sjøen. Kurt hoppar etter ham. Så går dei inn på kontoret til mannen, og Kurt får det finaste mannen har, ein diger diamant. Han bytter diamanten i pengar og vert rik.

### Marianne Sunde

- 1: En søster i skapet
- 2: Ingunn Aamodt
- 3: Ho var spennande. Det skjedde masse i heile boka. Dei var på Kreta. Faren var forfattar. Nikolai var 15 år og likte fortsatt å kle seg ut.

### Maria Nilssen

- 1: En søster i skapet
- 2: Ingunn Aamodt
- 3: Den var litt spennande og litt morosam. Ho handla om ein familie som var på ferie på Kreta. Jenta som er hovudpersonen heiter Nora og ho har ein bror som heiter Nikolai. Nikolai har ein hemmelig het som Nora finn ut av. Han er ein gut som kler seg ut som jenter, og då kallar han seg Nicole. Nicole og Nora drar til saman til byen og Nora koser seg med sin nye søster som ho kall ei søster i skapet.

### Remi André Jøsang

- 1: Au da
- 2: Bjørn Ingvaldsen
- 3: fordi bestemora er så løyen og finn på rare ting. Elias er ofte sjå bestemora. Nå er de på ferie i Portugal fordi Elias har vunne det i cnaski cornflakes.

### Ruben Våga

- 1: Fisken
- 2: Erlend Loe
- 3: Eg liker måten Erlend Loe skriv på. Bøkene hans er morosame. Boka Fisken handlar om at Kurt jobbar på ein kai. Ein dag ligg det ein stor fisk på kaia....

### Andreas Våge

- 1: Artemis Fowl
- 2: Eoin Golfer
- 3: Ho var veldig spennande, og så var det ganske kult med alle dei greiene som kanskje kjem i framtida. Artemis Fowl er ein gut på 12 år og han er super smart. Det syntes eg var ganske kjekt å lese om. Det er kjekt å lese om når han lurar alvane.

### Kristian Nordhus

- 1: Au da
- 2: Bjørn Ingvaldsen
- 3: Fordi bestemora er så løyen og finn på rare ting.

### Oddgeir Hognaland

- 1: Grufulle grøss 1. Det spøker på kjøpesenteret.
- 2: Betsy Haynes
- 3: den var spennande. Den hadde eit unormalt sted for ein grøssar. Den starta med mange personar men sluttar med berre ein. Det var fleire monster i boka, og det skjedde mange rare ting.

### Regine Nilsen

- 1: Monstermønster
- 2: Guri B. Hagen
- 3: Det var ei veldig spennande bok om tre born som kallar seg Veivetspanarane. Dei løyser ei sak om ei forgifting på Oda Grøssvold. Dei tre borna går rundt og spanar på Veivet etter noko spesielt, og det finn dei!

**Julianne Vaka**

- 1: Phenomena
- 2: Ruben Eliassen
- 3: Den handlar om alvar og fantasy. Eg liker godt fantasy, slik denne boka er.

**Henrik Nedrebø**

- 1: Første tårn på Havterna
- 2: Torvald Sund
- 3: Den er kjekk for det er om fiske, og det er ein gut som er 14 år. Boka er spennande. Då uværet byrjar, er det spennande.

**Kristoffer Nordhus**

- 1: Grufulle grøss 10, en slimete død
- 2: Betsy Haynes
- 3: Den var kjekk fordi det var spenning i den. Det var slim som vart større og større heilt til den dekkja nesten ein heil by. Så blei byen leda av den som laga snørret.

**Øyvind Jordbrekk Ognøy**

- 1: Den vesle vampyren på bondegården
- 2: Angela Sommar Bodenburg
- 3: Den er kjekk. Den er løyen. Den er spennande. Den er litt kjedelig og. Den syg blod frå dyra.

**Bettina H.S. Vik**

- 1: Forfulgt
- 2: Guri B. Hagen
- 3: Det var ei veldig spennande bok. Det mest spennande var då Chessa vart kidnappa, Lena vart banka, og då Simon vart tatt av sparnarane.

**Kristian Nilssen**

- 1: Paris mysteriet
- 2: Bjørn Sortland
- 3: Den var spennande, og den er bra skrevet. Den var både løyen og skummel. Eg likte guten David best. Han fann på masse rart.

# Kultursoge

Jardar Havikbotn

## Går alt etter planen er tredje bindet av bygdeboka for Bokn klart til jul 2011.

Historikar Birger Lindanger står som kjent bak dei to første bygdebøkene, gards- og ættesogene, og det er naturleg å engasjera han i arbeidet når kulturhistoria skal samlast mellom to permar.

Birger, som for tida skriv på kulturhistoria til Sola kommune, er nå tilsett ved Universitetet i Stavanger (UiS), og nyleg var han og instituttleiar ved Institutt for kultur- og språkvitenskap ved UiS, Marie Smith-Solbakken på Boknatun og presenterte eit opplegg på to årsverk for ordførar, rådmann og underteikna.

UiS stiller då som garantist for kvalitet og framdrift, og prosjektet vil nytta godt av ekspertisen ved universitet. Det ligg i korta at Birger blir skrivande redaktør og kan trekka inn andre krefter frå UiS.

### Historisk prosess

Ei kultur/bygdesoge er ifølge Birger nr. 3 av 6 historiske nivå som bygger på kvarandre. Medan slekthistoria og gardshistoria kjem før bygdesoga, er fylkessoga, riksoga og verdsoga nivå 4, 5 og 6.

Det handlar om historisk forståing, som startar helst ved det nære og konkrete. I lokalsamfunnet blir ressursane skapte som dannar basis for riks- og verdshistorie. Gjennom bygdesoga vil den einskilde finna seg sjølv og si næraste slekt som grunnleggande aktørar i den historiske prosessen.

### Birger fortel entusiastisk vidare:

- Bokn har ei uvanleg rik og spennande fortid som det er viktig å formidla, mellom anna ein rik skatt av fornminne. Kommunikasjonsmessig låg og ligg bygda sentralt til og fiske og sjøfart fekk mykje å seia ved sida av eit produktivt jordbruket.

- Bokn har ikkje framheva seg ved sitt mangfald av storfolk. Men her har då budd adel, lensmenn, skipsreiarar og stortingsrepresentantar. Men viktigast er likevel å få fram strevet til dei jamne slitarane, kvinner og menn. Det er av deira sveitte dagens Bokn har vakse fram! Ein slik bakgrunn gjer fortida til ein god ressurs for framtida, t.d. i reiselivssamanheng og kan mellom anna få si form i ei generell bygdesoge.

### Innhald

500 siders boka skal byrja med dei naturgjevne tilhøva (jordsmonn, klima, havnivå o.l.) før ho omhandlar fylgjande:

- Forhistoria (10000 f.Kr. - 1050 e.Kr.)
- Høgmellomalderen (900 - 1350)



Instituttleiar ved Institutt for kultur- og språkvitenskap ved UiS, Marie Smith-Solbakken og Birger Lindanger presenterte ein kulturhistorie-pakke.

- Seimellomalderen (1350 - 1520)
- Gjenreisinga (1520 - 1660)
- Konsolidering (1660 - 1780)
- Ny vokster (1780 - 1837)
- Det store hamskiftet (1837 - 1905)

Frå 1905 til 1940 dreier det seg om Bokn si busetnadsutvikling, jordbruk og fiske, nye næringar, handel og samferdsel, handverk, skulestell, fattig- og sosialomsorg, kultur, foreinings- og organisasjonsliv, bygdestyring og politisk utvikling.

Vidare vil boka ta for seg kommunen under den andre verdskrigen (1940 - 1945), tida frå den andre verdskrigen fram til 1965 og perioden 1965 og fram til i dag.

### Økonomi

Kommunen er ikkje heilt i mål med finansieringa, og me håpar m.a. på fleire sponsorar frå næringslivet. Boka vil bli i same formatet som dei andre to bygdebøkene. Utsalsprisen vil sannsynlegvis bli kr. 500, og boka skal altså bli å finna under juletreet i 2011.

Saka skal opp i kommunestyret før sommaren.

**Det er berre å gle seg! Bygdabladet vil sjølvsagt fylgja prosessen og gi deg den informasjonen du treng, heilt**

# Hva skjer og hva har vi gjort så langt i boknapolitikken

Lars Alvestad

## Innlegg frå Lars S Alvestad (H)

Vi er nå kommet ut i 2008 og går vår og sommer i møte, for oss som etter valget har fått den ære å representere dere alle i kommunale verv har høst og vinteren vært tid for budsjett og kommunalt politisk arbeid.

Vi i Høyre har konstituert oss etter valgnederlaget og brettet opp skjorteeermene for å jobbe oss oppover igjen til felles beste for oss alle i Bokn. Alle husker vi debattene før valget om kommunesammenslåing og reduisering i ordførerstillingen, osv. Det lå veldig klart i den informasjonen vi fikk angående fordelene med en sammenslåing at kommuneøkonomien ville bli vanskelig, og dette var også vi på nei-siden enig i, men så likevel frem til enda noen år som egen kommune.

Budsjettet for 2008 er for så vidt et stramt budsjett med rom for lite investeringer i de neste årene. Etter at gruppelederne i alle partiene hadde møte med det formål å bli enig om en felles plattform ble budsjettet vedtatt enstemmig i kommunestyre og listen var lagt for det neste året.

## Ordførerstillingen

En annen sak som har tatt tid er den stadig tilbakevendende diskusjonen om ordførerstillingen i Bokn. Det var en veldig klar tale fra tidligere ordfører Svein Ove Alvestad om hvordan han oppfattet dette og tross reduksjon i stillingen midt i perioden likevel sto på utover det som kunne forventes for den angitte arbeidstiden.

Til valget var vi tre som stilte som ordførerkandidater vel vitende om at dette var en 50% stilling og at det måtte legges til en stor del velvilje og fleksibilitet for å kunne representere Bokn på en tilfredsstillende måte. Det er nå engang så i politikk at alt arbeid ikke er lønnet, mye må gjøres ut i fra interesse og en drivende kraft om å få stille opp for lokalsamfunnet vårt.

Det er derfor med en del skuffelse vi konstaterer at ordførerjobben ikke har fungert den første tiden av denne perioden. Bokn er blitt etterlyst i forskjellige fora og vi har ikke måttet å være representert i møter som naturlig og ikke minst er viktig at ordføreren stiller opp på.

Sørheimsutvalget sin innstilling, som er veldig viktig for Bokn sin fremtid, har ikke fått den oppmerksomhet og oppfølging som trengs for at vi skal få til en særordning for Bokn, slik at vi kan sikre våre inntekter fremover.

Arbeiderpartiet har jobbet i kulissene for å få opp stillingsstørrelsen igjen. Det beklagelige er at dette ikke ble gjort i budsjettssammenheng, og ikke minst under gruppeledermøtet før budsjettet som var grunnlaget både for formannskap og kommunestyre sin behandling.

Kommunestyret fikk et forslag under eventuelt fra Arbeiderpartiet etter budsjettbehandlingen om å øke stillingen uten at dette forslaget var finansiert og heller ikke i et budsjett som var vedtatt bare noen minutter før. Forslaget kom opp igjen i det første formannskapsmøte etter nyttår, da med forslag om

finansiering over tilleggsloyvinger. Hadde forslaget blitt vedtatt hadde vi lagt beslag på 70% av tilleggsloyvingene for 2008 allerede i januar.

Bokn Høyre har hele tiden ment at ordførerstillingen i Bokn ikke skulle vert nedsatt i utgangspunktet, og har ingen problem med å se at dagens 50%-stilling ikke er nok til at ordføreren kan fungere uten en stor grad av egeninteresse/arbeid, derfor skal vi være med på å finne en løsning på dette.

I kommunestyret i februar satt Bokn Høyre frem et forslag nummer tre vedr. ordførerstillingen som går på en fast lønn som godt-gjørse for ordførerjobben, og at dette skal være høyt nok til at ordføreren kan gjøre en tilfredsstillende jobb for kommunen. Dette blir ikke knyttet opp mot en fast stillingsprosent, men ment som en godt-gjørse for det arbeidet som må gjøres. Formannskapet sammen med rådmann skal jobbe frem forslag på nivået på denne lønnen.

Forslaget fra Høyre ble vedtatt mot 6 stemmer. Senterpartiet stemte for forslaget til Høyre med en tilføyning om at dette skulle sees i sammenheng med revidert budsjett. Dette viser at prinsippet som ligger i vedtaket om en fast godt-gjørse er forankret i en enstemmighet i kommunestyret, og så for en se hvor snart vi kan få dette gjennomført.

Vi ser nå frem til en ryddig og avklarende møteaktivitet i formannskapet frem til et vedtak som kan legge denne diskusjonen på is og at arbeidsforholdene blir lagt til rette for en verdig representasjon av kommunen i fremtiden.

## Havnebasenget i Føresvik

Videre har vi hatt en debatt i formannskapet rundt dette med utnyttelse og opparbeidelse rundt havnebasenget i Føresvik. Vi kan diskutere lenge og vel om Føresvik har vokst seg for stor til å kunne ta de utfordringene som kommer som et kommunesenter med plass til handel, skole, sykehjem, barnehage, osv. Den diskusjonen vil nok tvinge seg frem, men frem til da er vi veldig opptatt av at Føresvik får den utviklingen som trengs for å stå frem som et fint "ansikt" utad.

Behovet for å legge til rette at havneområdet utvikles og fremstår som en fin port inn til kommunen er viktig for oss alle. Formannskapet samlet seg om vårt forslag om et salg av den kommunale eiendommen i havneområdet med noen førende statutter.

Rådmannen skal nå utarbeide en salgannonse for dette gjennom eiendomsmedler og vi håper på at vi nå kan få til en løsning som gir fin avskjerming med en større molo og tilretteleggelse for naust som kan kjøpes av interesserte.

Videre har formannskapet nå tilrettelagt for at Bokn Plast får utvikle seg med ekspansjon nordover fra det nye området de allerede har ved Boknasundet.

Vi har stor tro på samarbeidet i Formannskapet fremover slik at vi kan sammen utvikle Bokn til en god kommune å bo i. Vi har hatt en kveld på skolen hvor vi fikk en orientering

om dens drift og plass behov fremover. Dette var veldig nyttig for oss som politikere og vi har tidligere diskutert muligheten for og vil selvfølgelig få til en lignende sammenkomst/møte både med helse og teknisk.

Det er en samstemmighet blant oss at det er viktig å møte de forskjellige gruppene slik at vi får en bred informasjon om hvor skoene trykker og hvor det går greit. Dette vil hjelpe oss i det videre arbeidet fremover.

## "Kjekt på Bokn"

Formannskapet vil nå ta tak i prosjektet "Kjekt på Bokn". Vi vil ikke akseptere at dette bare blir noen is-skraper eller kaffikanner med Kjekt på Bokn-logo, men en realitet som utvikler oss videre som egen kommune. Vi har ikke per i dag god nok kontroll og oversikt på hvor de forskjellige forslagene er og hvor langt de forskjellige gruppene er i sitt arbeid.

Bokn Formannskap ba om en egen gjennomgang av "Kjekt på Bokn", som ble bestemt holdt den 19. februar 2008. Dette ble av ukjente årsaker ikke gjort, og vi vil igjen be om at ordføreren innkaller til et slikt møte så snart som mulig. Formannskapet er styre for "Kjekt på Bokn", og vi må få en viss oversikt over hvor vi står per i dag.

Bokn har store vanskeligheter med å få saksbehandlingen i teknisk gjort innenfor tilfredsstillende tidsfrister. Dette er ikke godt nok, og vår kommune er for liten til at vi trenger å ha så stor distanse og liten tilgjengelighet til saksbehandlere. Vi må derfor se på hva som kan gjøres for å forbedre dette.

Vi har nå fått tilbake teknisk sjef i full stilling og vil forhåpentligvis avhjelpe på bemanningssiden. En stor takk til rådmann Jan Erik Nygård som har forlenget sin innsats inn i teknisk det siste året

Vi er veldig glad for den utviklingen som er innenfor folketallet i Bokn, og jeg oppfordrer alle kreative web-designere om å komme frem til et forslag på [www.komtilbokn.no](http://www.komtilbokn.no), hvor all informasjon om Bokn og hva som trengs for å etablere seg, reguleringsplaner, næringsvirksomhet, ledige jobber, ledige tomter, friluftsliv og fritidsaktiviteter osv. ligger inne.

Dette er litt om hva som rører seg, og vi skal prøve å holde informasjonsnivået oppe fremover slik at dere får en redegjørelse etter hvert kommunestyret fremover. Det er også viktig at vi får en tilbakemelding fra dere om hva som trykker, og gode forslag mottas med stor begeistring og takk.

Vi er en gjeng som samles i sjøhuset til Egil hver søndag formiddag til kaffe, og der kommer det frem mye gode løsninger og forslag som blir tatt videre. Har andre slike samlinger eller klubber, bring frem hva dere mener og vi kan alle bidra med vårt for å få fortgang eller på andre måter hjelpe til.

Mvh

**Bokn Høyre**  
**Lars S Alvestad**

## Frå formannskapsmøtet 01.04.08

Sak 019/08 **IKT-planen for skulen: Investeringar i 2008**

### Formannskapet vedtok:

Formannskapet godkjenner at skulen, innanfor den fastsette ramma på kr. 200.000,- investerer i interaktive tavler med integrert projektor og/eller frittstående projektorar, slik det er omtalt i saksutgreiinga.

Sak 020/08 **Forslag til strategi for spesielle miljøtiltak i landbruket 2008-2011**

### Formannskapet vedtok:

1. Formannskapet vedtar framlagt forslag til strategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket \*(SMIL) og nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) for perioden 2008-2011.
2. Prioriterte tiltak skal finansierast gjennom tilskot frå SMIL- og NMSK-ordningane og eigenfinansiering/ eigeninnsats frå søkjar. Det forutsettes ingen kommunale tilskot.
3. Formannskapet vil gi uttrykk for at uttalelsene frå bondeorganisasjonane må leggjast til grunn når det gjeld prioritering av tiltak og representasjon i Kulturlandskapsgruppa.

Sak 021/08 **Val av representant i samarbeidsprosjekt om nærings- og bygdeutvikling i Tysvær, Vindafjord og Ølen m.fl.**

### Formannskapet valde fylgjande representantar:

Medlem: Gunnar Bokneberg  
Varamedlem: June Kro

Sak 022/08 **Strategiplan for kollektivtrafikk i Rogaland—Høringsuttale.**

### Formannskapet vedtok:

1. Under forutsetning av at det også tas distriktspolitiske hensyn når tiltak skal iverksettes, anbefaler Bokn kommune at den foreliggende strategiplan legges til grunn for det vidare arbeidet med å styrke kollektivtrafikken i fylket.
2. Det forutsettes vidare at det først tas standpunkt til evt. Restriktive tiltak etter at en vurdering av alle konsekvenser av disse er foretatt.
3. Ungdomskortet må også gjelda for Kystbussen
4. Hovudbusstoppet for direkte buss frå/til Bergen må flyttast frå Arsvågen til busstopp på Vestre Bokn ved Boknasund bru.
5. Skuleruta til Haugesund må oppretthaldast som eit rutetilbod heile året uavhengig av skuleferiane.

Sak 023/08 **Framtidig barnevernssamarbeid - BAS**

### Formannskapet vedtok:

Bokn kommune ynskjer at det vert utgreidd ei fullintegrrert barnevernteneste med utgangspunkt i Haugaland interkommunale barnevernteneste - BAS

Sak 025/08 **Søknad om kjøp av laser til Bokn fysioterapi**

### Formannskapet vedtok:

Det vert bevilga kr. 30.000,- til innkjøp av laser til Bokn fysioterapi. Utgiftene vert dekkja ved bruk av avsette tillegsløyvingar.

## Innfører tradisjon

